

# Det faglege nettverket i opplæring innanfor kriminalomsorga 2016

## Fordeling av ansvarsområde og oppgåver

### Fylkesmannen i Hordaland (FMHO) skal:

- Leggje til rette for samlingar for fagkoordinatorane, medrekna ansvar for møteleiing og referent.
- Samarbeide med fagkoordinatoren om innhald på samlingar.
- Gje tildelingsbrev til fylkeskommunane.
- Rekruttere nye koordinatorar saman med koordinatorane.
- Avklare problemstillingar meldt inn av fagkoordinatorgruppa, jf. regelverk og lover mot UDIR, KD KDI/JD.
- Planlegge, leggje til rette og gjennomføre «Inspirasjon og Deling» saman med fagkoordinatorane
- Økonomisk og administrativt ansvarleg for landsdekkjande samling «Inspirasjon og deling».
- Gje tilgang til felles læringsplattform.

### Den enkelte fylkeskommune skal:

- Administrere dei øyremerkte midla til fagkoordinatorstillinga og gje fagkoordinatorane høve til å vere ein aktiv del av det faglege nettverket og løyse oppgåvene skissert under, på ein god måte.

### Fagkoordinatorgruppa skal:

- Sikre erfaringsutveksling knytt til opplæring på fagområda.
- Planlegge og gjennomføre samlingar for fagkoordinatorgruppa saman med FMHO.
- Rekruttere nye koordinatorar saman med FMHO.
- Lyfte fram aktuelle problemstillingar og utfordringar frå fagnettverket til FMHO gjennom samlingar og læringsplattform.
- Vera bindeledd mellom FMHO og lærarane innanfor dei ulike faga.
- Utnytte læringsplattform for faglege diskusjonar, informasjonsutveksling og gode døme.
- Planleggje og gjennomføre fagsamlinga «Inspirasjon og Deling» saman med FMHO.
- Evaluere oppgåvene og ansvarsområda til fagkoordinator og fagkoordinatorgruppa saman med FMHO

### Fagkoordinator skal:

- Utnytte naturlige treffpunkt til møte i nettverket i sitt fag.
- Informere om fagnettverket og fagkoordinatorgruppa ved naturlige høve.
- Lyfte fram aktuelle problemstillingar og utfordringar i sitt fagnettverk til fagkoordinatorgruppa og FMHO gjennom samlingar og læringsplattform.
- Levere årsrapport til FMHO innan 1. mars påfølgande år. Rapporten skal:
  - Vise aktiviteter gjennom året
  - Skildre utfordringar i rolla som koordinator
  - Gje ei oversikt over planar og utfordringar for komande år
- Gjennom nettverket i sitt fag skal fagkoordinator:
  - Leggje til rette for erfaringsutveksling knytt til opplæring på fagområda, med utgangspunkt i ordinært skuleverk og dei forholda som er særskilte for opplæring innanfor kriminalomsorga.
  - Leggje til rette for at det blir rom for faglege diskusjonar og meningsutveksling i faggruppa.
  - Vere ein fagleg ressurs/koordinator for nettverket for sitt fag.